



Norges  
nasjonalparker

01/01/2019

Tiltaksplan

# Tiltaksplan for Lom nasjonalparklandsby 2019



**Utførende institusjon**

Lom kommune / Lom nasjonalparklandsby

**Kontaktperson**

Lom kommune v/ landsbykoordinator

**Forfatter(e)**

Åshild Myhre Amundsen

**Tittel – norsk**

Tiltaksplan for Lom nasjonalparklandsby 2019

**Sammendrag**

Utkast til tiltaksplan for Lom nasjonalparklandsby i 2019. Blir brukt som eit bakgrunnsdokument for ein søknad til naturarven som verdiskapar. Utarbeidd etter forslag frå Landsbyrådet, må vedtakast i formannskapet i Lom kommune før eventuell implementering.

**Forsidefoto**

Live Andrea Sulheim

# Innhald

<b>1 Innleiing .....</b>	<b>4</b>
<b>2 Prioriterte tiltak i 2019.....</b>	<b>5</b>
2.1 Videoar frå Lom nasjonalparklandsby.....	5
2.2 Vidareutvikling av Lom som julelandsby .....	5
2.3 Turisme for alle / «accessible tourism» i Lom .....	6
2.4 Kompetanseheving .....	6
2.5 Infrastrukturtiltak .....	7
2.6 Miljø .....	8
2.7 Arrangement .....	8
<b>3 Økonomisk oversikt .....</b>	<b>9</b>

# 1 Innleiing

## Bakgrunn for tiltaksplanen

Denne tiltaksplanen er utarbeidd av landsbykoordinator etter innspel frå Landsbyrådet i Lom. Det er formannskapet i Lom kommune som er styringsgruppa til Lom nasjonalparklandsby, og tiltaksplanen må forankrast der før den eventuelt kan settast i verk. Dersom kommunen ikkje får tilskot til tiltaka eller får mindre enn omsøkt er det naturleg at storleiken på tiltaksplanen må reduserast.



Foto: Landsbyrådet pr. 2018 / 2019, med Arnt Rune Vole (t.v.), Magny Hilde (leiar), Egil Olav Nyrnes, Mari Wedum, Torgeir T. Garmo og Bjarne E. Holø.

# 2 Prioriterte tiltak i 2019

## 2.1 Videoar frå Lom nasjonalparklandsby

I 2017 vart det laga fleire korte marknadsføringsvideoar frå ulike turstigar rundt Lom nasjonalparklandsby, mellom anna ein frå Lomseggen som fekk veldig god respons på Facebook (42 000 visningar pr. november 2017). Dette tiltaket vart spelt inn i 2018 au, men vart ikkje prioritert på grunn av tilskotsstorleiken.

Landsbyrådet ynskjer seg fleire slike videoar av alt som bør opplevast i og rundt sentrum, t.d. Bergomsrunda, arkitektur, kultur, mat, turstigar og arrangement. Med det utgangspunktet søker vi om eit tilskot for å dekke kostnadane til ein ekstern fotograf. Redigering, modellar, planlegging etc. vil vi gjere sjølve i samarbeid med destinasjonsselskapet Visit Jotunheimen.

TILSKOT: Lom nasjonalparklandsby søker om eit tilskot på kr. 25 000 til utvikling av video(ar).

## 2.2 Vidareutvikling av Lom som julelandsby



Foto: Illustrasjon av julebelysning i Lom nasjonalparklandsby, utarbeidd av MK Illumination.

Lom er ein typisk sumardestinasjon, og det blir stadig jobba med å utvide sesongen. Jula er ei tid på året der det er potensial for auka besøkstal i Lom, men det krev ein

innsats både i form av aktivitetar og stemningsskapande element som t.d. julegran, ljos og pynting utanfor dei ulike butikkane. Tidlegare har det vore brukt ein mindre sum (ca. kr. 5000) på å forbetre ljøssettinga i sentrum rundt juletider, men resultatet vart dessverre ikkje særleg bra. I samarbeid med ein lokal eldsjel har vi no gått grundigare til verks og fått eit meir gjennomarbeidd forslag utarbeidd av ei bedrift i Oslo som heiter MK Illumination. Dei laga eit forslag for heile sentrum (inklusiv gateljosa langs Rv15), men på grunn av utfordringar med straumtilgang har vi valgt å fokusere på den rognrealleen som går frå Vassvaglen og til kommunehuset (sjå illustrasjon). Denne er lett synleg frå riksvegen og ligg plassert midt i Lom sentrum.

I tillegg er det ynskjeleg å søkje om midlar til å kåre den bedrifa i Lom som har den finaste julepynten (for å stimulere til auka innsats frå næringslivet), samt nokre midlar til marknadsføring og gjennomføring av aktivitetar for å styrke Lom som juleplass.

**TILSKOT:** Lom nasjonalparklandsby søker om eit tilskot på kr. 50 000 til utvikling av Lom som julelandsby.

## **2.3 Turisme for alle / «accessible tourism» i Lom**

Lom nasjonalparklandsby er kompakt og har mange gode tilbod for tilreisande, men har førebels hatt lite fokus på korleis vi skal legge til rette for folk med nedsett funksjonsevne. Dette kan inkludere alt frå mindre tiltak for å synleggjere kva vi allereie har, til større tiltak som krev omfattande investering.

I fyste omgang ynskjer vi derfor å søkje om midlar til eit forprosjekt, der det blir vurdert kva som finst av moglegheiter i sentrum og eit overslag over kostnadene knytt til ulike tiltak. Dette kan danne grunnlag for ein meir omfattande søknadsprosess i neste omgang, der «Naturarven som verdiskapar» er ei av fleire aktuelle støtteordningar.

**TILSKOT:** Lom nasjonalparklandsby søker om eit tilskot på kr. 30 000 til ei moglegheitsstudie.

## **2.4 Kompetanseheving**

Informasjonsmøte / vertskapskurs for sesongtilsette har vorte gjennomført tidlegare år med suksess, men dei siste åra har ikkje dette vore prioritert. Landsbyrådet ynskjer at dette skal på agendaen att, gjerne i forbindelse med andre møteplassar eller som ein del av etablerte arrangement som frukostmøte eller næringspub. Landsbyrådet bør delta aktivt i planlegging og gjennomføring.

**TILSKOT:** Lom nasjonalparklandsby søker om kr. 5000 i tilskot for gjennomføring av informasjonsmøte / mini-vertskapskurs for reiselivsnæringa før høgesesongen.



Foto: Døme på kompetanseheving. Kurs i opplevelsesdesign med Pål Melhus, gjennomført hausten 2018

## 2.5 Infrastrukturtiltak

Forslag til infrastrukturtiltak. Endeleg prioritering blir gjort ut i frå tilgjengelege midlar:

- Sidan Lom fekk status som nasjonalparklandsby har det vore brukt betydeleg med midlar på utarbeiding av brosjyrar og skilt. Dette har stor verdi, men utfordringa er å skaffe tilstrekkeleg med finansiering til naudsynte oppgraderinger og trykking. For å sikre at folk får tilgang til det utarbeidde brosjyrematerialet sjølv om det skulle vere tomt blir det foreslått å lage ei QR-kode, som blir festa ved alle infotavler. Slik at du enkelt kan laste ned brosjyrene på mobilen din. Sjølv QR-koda kan lagast gratis (t.d. her: <https://no.qr-code-generator.com/>), men det vil krevje ein liten sum for å trykke opp klistermerke i grei kvalitet til utandørsbruk.
- Enkle sikringstiltak på kulturstigen opp til Skutlan. Her blir det store lag med is på vinterstid som gjer at stigen er vanskeleg å krysse. Dette vart også foreslått i fjar, men vart ikkje prioritert innanfor budsjettet.
- Lage ei oversikt over såkalla «carwalks» i Lom, med tekst på norsk / engelsk og gode bilde, eventuelt video. For å unngå problemstillinga med trykk-kostnadar blir det foreslått at materialet først og fremst blir distribuert og promotert gjennom Visit Jotunheimen sine kanalar.

TILSKOT: Lom nasjonalparklandsby søker om kr. 40 000 til infrastrukturtiltak.

## 2.6 Miljø

Etter flaumen i Ottadalen oktober 2018 er det store utfordringar knytt til søppel langs vassdraga. I tillegg finst det fortsatt ein del bilvrak og anna i industriområdet som gjerne skulle vore fjerna. Statusen som nasjonalparklandsby legg eit ekstra press på at vi bidreg til å halde nærmiljøet reint og triveleg.

Fleire tiltak har vore foreslått, mellom anna dugnad, tilskot til bedrifter som bidreg til opprydding og kjøp av tenester frå eksterne til å fjerne større gjenstandar.

TILSKOT: Det blir søkt om kr. 30 000 til miljøarbeid / søppelopprydding.

## 2.7 Arrangement



Arrangørkomiteen har hatt fokus på at Lomsfest skal vere eit berekraftig arrangement som ikkje skal vere avhengig av prosjektmidlar. Vi har lykkast med å halde kostnadane nede, men ser at det er ein fordel å ha ein liten sum med midlar til å vidareutvikle arrangementet vidare. Sjølvve modellen (at kvar arrangør er ansvarleg for «sitt arrangement», men at kommunen / nasjonalparklandsbyen og destinasjonsselskapet bidreg med koordinering og marknadsføring) kan også vidareutviklast og fungere på andre arrangement.

**TILSKOT:** Det blir søkt om eit tilskot på kr. 15 000 til vidareutvikling av Lomsfest og liknande arrangement.

## 3 Økonomisk oversikt

Tiltak	Tilskot	Eigne midlar / eigeninnsats / midlar frå andre aktørar	Ansvar og samarbeidspartnarar(i tillegg til Lom nasjonalparklandsby):
1. Korte marknadsføringsvideoar frå Lom nasjonalparklandsby	25 000		Visit Jotunheimen
2. Lom som julelandsby	50 000		Lokalt næringsliv, eldsjel
3. Turisme for alle	30 000		Ekstern konsulent, Visit Jotunheimen
4. Kompetanseheving	5000		Norsk fjellsenter, Visit Jotunheimen
5. Infrastrukturtiltak	40 000		Landsbyvakt
6. Miljø	30 000		Lokalt næringsliv, andre tilsette i kommunen, eldsjeler, Norsk fjellsenter
7. Arrangement	15 000		Andre tilsette i kommunen, Visit Jotunheimen, lokalt næringsliv og friviljug sektor
<b>TOTALT:</b>	<b>195 000</b>	<b>195 000</b>	

### Kommentar til kostnadsoverslaget:

Det er vanskeleg å dele opp finansieringa av kvart tiltak i 50 / 50, fordi enkelte tiltak vil krevje mykje eigeninnsats og lite midlar og motsatt.

Men kommunen stiller med ein eigeninnsats som kan matche tilskotsbeløpet i tråd med vilkåra, i tillegg kan det vere aktuelt for andre aktørar å stille med finansiering på enkelte tiltak (t.d. under Lomsfest).

# Norges nasjonalparker

Lom sentrum, Fossbergom, er ein av fem tettstadar i Norge som har status som nasjonalparklandsby, og er ein naturleg innfallsport til nasjonalparkane Jotunheimen, Reinheimen og Breheimen.

Lom har vore pilot for den nye merkevara til Norges nasjonalparker, i samarbeid med Norsk fjellsenter og Jotunheimen nasjonalpark.

Ta gjerne kontakt med Lom kommune eller landsbykoordinator Åshild M. Amundsen ([ashild.amunden@lom.kommune.no](mailto:ashild.amunden@lom.kommune.no)) dersom du ynskjer å vite meir om Lom nasjonalparklandsby.

For meir informasjon om dei fem nasjonalparklandsbyane, ta kontakt med Bjørn Åge Jenssen ([bjorn.aage.jenssen@npkl.no](mailto:bjorn.aage.jenssen@npkl.no)).

## Kontaktinformasjon Norges nasjonalparker

Telefon:	03400/73 58 05 00   Faks: 73 58 05 01
E-post:	<a href="mailto:post@miljodir.no">post@miljodir.no</a>
Nett:	<a href="http://www.miljodirektoratet.no">www.miljodirektoratet.no</a>
Post:	Postboks 5672 Sluppen, 7485 Trondheim
Besøksadresse:	Brattørkaia 15, 7010, Trondheim